

Kommuneplanen

2020-2040

Planprogram - høyringsframlegg



Innleiring.....	3
Plansystem og rammer	3
Overordna føringer	3
Plansystemet	5
Planprogrammet.....	6
Oppbygging av kommuneplanen.....	6
Samfunnsdelen.....	7
Arealdelen	8
Medverknad og prosess	8
Medverknad	8
Organisering av arbeidet	8
Trong for utgreiingar.....	10
Stord kommune i dag	11
Hovudtema	16
Klima, miljø og tryggleik.....	16
Næringsutvikling.....	17
Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.....	20
Levande senter.....	22
Helse, trivsel og oppvekst	23
Aktiv forvalting av natur- og kulturminneverdiane	24
Gode kommunale tenester	25
Regionalisering og samhandling.....	27

Stord kommunestyre gjorde 04.04.2019 følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtek oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel for perioden 2020-2040, i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.
2. Kommunestyret vedtek å senda framlegg til planprogram til offentleg ettersyn og høyring, i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1.
3. Strekpunkt 4, (-eitt av sju som skal ha overordna omsyn i planarbeidet-): Helse og trivsel vert endra til Helse, trivsel og oppvekst i planprogrammet og det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Innleiing

Stord kommunestyre vedtok planstrategien i 2016, og utarbeidde samstundes eit planprogram for revisjon av kommuneplanen, som ikkje blei vedteke. Rammene frå planstrategien ligg til grunn.

Kommuneplanen er frå 2011, kort tid etter at den nye plan- og bygningslova blei gjort gjeldande. Planen har vore eit godt styringsreiskap for stordsamfunnet, men det er på høg tid å laga ny kommuneplan. Raskare endringar i samfunnet gjer at det i framtida vil vera trond for kortare tid mellom revisjonar av dei overordna planane.

Kommuneplanen har to delar – samfunnsdelen og arealdelen. Samfunnsdelen skal leggja grunnlaget for samfunnsutviklinga ved å setja mål og strategiar. Arealdelen er det viktigaste verktøyet kommunen har til å setja i live dei måla og strategiane for samfunnsutvikling som blir sett i samfunnsdelen. Det er i planprogrammet lagt opp til at ein byrjar med revisjon av samfunnsdelen, og at arealdelen blir fremja etterpå - med stor grad av overlapping i arbeidet.

Samstundes som det er gode tider i stordsamfunnet, viser folketalsframskrivingar lågare vekst enn me venta for nokre år sidan – eller ingen vekst i det heile. Me er vande med korte tidshorisontar for næringslivet, og verksemndene har dei siste hundre åra mange gangar omstilt seg til endra rammevilkår. Folketalsframskrivingane viser at Stord kommune ikkje berre kan planleggja for vekst, men må byggja eit lokalsamfunn som har vekstkraft. Dette krev auka vekt på å skapa dei kvalitetane som gjer at folk ønskjer å leva her.

Plansystem og rammer

Samstundes som Stortinget i ny kommunelov understrekar kommunalt sjølvstyre, vert rammene for kommunal planlegging i større grad avgrensa av fylkeskommune og regional statsetatar. Kommuneplanen skal vega lokale initiativ og kommunale prioriteringar mot internasjonale, nasjonale og regionale forventingar.

Overordna føringer

Medlemslanda i Dei sameinte nasjonane (FN) vedtok i 2015 sytten berekraftsmål, som er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030.

Norge er forplikta til å følgje opp måla, og regjeringa rapporterer oppfølginga til FN årleg. Måla krev tiltak frå nasjonale, regionale og lokale myndigheter, i tillegg til næringsverksemder og sivilsamfunnet. Kommunane har ansvar for mange oppgåver som bidreg til berekraftig utvikling, og som er sentrale i FN sine berekraftsmål.

Berekraftsmåla femner om mange ulike tema, og Stord kommune bør koncentrera seg om dei mest aktuelle måla for oss. Det skal gå fram av planen kva berekraftsmål som er lagt til grunn for hovudtemaa.



Kjelde: Regjeringa

Planlegging etter plan- og bygningslova skal vera open, føreseileg og sikra medverknad for alle interesser og myndigheter. Det skal leggjast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast. Prinsippet om universell utforming, omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår og estetisk utforming skal ivaretakast i planlegginga.

Etter folkehelselova skal kommunane arbeida for ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helsekilnadar. Folkehelsearbeidet skal fremja innbyggjarane si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding.

Regjeringa la i 2015 fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Forventingane er knytt til tre hovudtema - gode og effektive planprosessar, bærekraftig areal- og samfunnsutvikling og attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde. Lover, forskrifter, rundskriv og mange stortingsmeldingar legg føringer for kommunen sin drift og samfunnsutviklinga. I tillegg kjem statlege planretningsliner, som skal konkretisera dei nasjonale forventingane til planlegginga og markera nasjonal politikk på viktige område:

- Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen (2011)
- Rikspolitiske retningsliner for å styrka barn og unge sine interesser i planlegginga (1995)

Fylkeskommunen har prioritert plantema som dei følgjer opp i kommunal planlegging, og vedteke regionale planar for fleire temaområde. Planane er retningsgjevande for kommunal planlegging og verksemd, og har – med eitt unntak – ikkje bindande verknad på kommunal arealplanlegging. Retningsliner i regionale planar kan likevel vera grunnlag for motsegn frå statlege eller regionale myndigheter.

Plansystemet

Regjeringa forventar at kommunane skal leggje til rette for gode og effektive planprosessar:

«Klare overordna føringar for areal- og samfunnsutviklinga bidreg til at ein kan behandle detaljplanar raskare og på ein meir føreseieleg måte. I planstrategiarbeidet er det derfor viktig å prioritere ressursar til å oppdatere dei overordna planane.»¹

Kommuneplanen er den viktigaste planen for heile kommunen, og består av ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel.



Samfunnsdelen er eit verktøy for kommune si heilskaplege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine eigne planar, og den heilskaplege utviklinga av lokalsamfunnet. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar (plan- og bygningslova §11-2).


Det skal utarbeidast ein handlingsdel til samfunnsdelen som skal rullerast årleg - i praksis ved å vedta budsjett og økonomiplan. For å sikra samanhengen i plansystemet må budsjett dokumentet vera tydeleg på korleis mål og strategiar i kommuneplanen er lagt til grunn for budsjettprioriteringane.

Arealdelen er ein arealplan for heile kommunen og skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen omfattar plankart, føresegner og planskildringar (plan- og bygningslova § 11-5).

I tillegg kan kommunen laga kommunedelplanar for einskildområde og tema. For meir avgrensa område kan kommunen utarbeida fag- eller temaplanar.

Ein er ikkje i mål når kommuneplanen er vedteken. Måla og strategiane må følgjast opp i kommunedelplanar, arealplanar, budsjettvedtak, kommunen sin daglege drift og i samhandling med andre aktørar i lokalsamfunnet. Det må difor vera tydeleg samanheng mellom dei ulike planane, og kommunen må vurdera kva kommunedelplanar som må reviderast etter vedtak av kommuneplanen. I tillegg må samfunnsdelen, handlingsdelen og arealdelen hengja saman.

¹ Regjeringa – Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2015)



Kjelde: Regjeringa – rettleiar for kommuneplanprosessen - samfunnsdelen - handlingsdelen

Ved vedtak av kommuneplanen vil gjeldande kommuneplan bli oppheva. Det kan i tillegg vera aktuelt å oppheva kommunedelplanar og fag- og temaplanar.

Planprogrammet

For kommuneplanen skal det lagast eit planprogram. Plan- og bygningslova § 4-1 skildrar kva eit planprogram skal innehalde. Mellom anna skal planprogrammet skildra:

- Føremålet med planen
- ProsesSEN med fristar og deltagarar
- Opplegg for medverknad og involvering
- Trongen for utgreiingar

Eit planprogram blir sendt til nabokommunar og regionale instansar og lagt ut til høyring i minimum seks veker, før det blir vedteke av kommunestyret. Kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal innehalde ei særskilt vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn.

Oppbygging av kommuneplanen

Regjeringa sin forventing til regional og kommunal planlegging frå 2015 la til grunn fleire overordna omsyn, som blei vidareført i Stord kommune sin planstrategi frå 2016:

«Det nye kommuneplanen skal ha hovudfokus på korleis ein best mogleg skal ivareta omsynet til

- Klima, miljø og tryggleik
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Levande sentrum
- Helse og trivsel
- Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiane
- Næringsutvikling
- Gode kommunale tenester»

Rammevilkåra rundt kommunen endrar seg i stadig raskare tempo. Internasjonale avtalar, nasjonale forventingar, aldrande folkesetnad og endringar i regionale og statlege strukturar og kommunikasjonar vil påverka utviklinga av stordsamfunnet. Det er difor viktigare enn før at kommunen samhandlar med aktørar rundt oss. «Regionalisering og samhandling» er difor teke med som eit hovudtema i kommuneplanen.

Samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal peika ut vegen vidare for Stord kommune. Det skal leggjast mål for samfunnsutviklinga. Etter at måla er sett må det leggjast strategiar, og fordelast ansvar mellom ulike aktørar og kommunale planar. Omsyna påverkar kvarande gjensidig, og samfunnsdelen skal skildra korleis strategiar for eit omsyn påverkar andre omsyn. Samfunnsdelen skal visa korleis kommunen kan følgja opp FN sine berekraftsmål for dei omsyna som er trekt fram.

Gjennom kultur- og verdiplakaten har Stord kommune visjonen «Saman om utvikling og velferd», som blir lagt til grunn og vidareført i kommuneplanprosessen.



Arealdelen

Arealdelen skal følgja opp dei mål og strategiar som blir vedteke i samfunnsdelen, gjennom medviten arealdisponering og samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Arealdelen av kommuneplanen får størst merksemd i samfunnsdebatten, sidan den legg føringar for dei fysiske grepene som skal gjerast i kommunen. Føresegne i kommuneplanen sin arealdel legg rammene for utbyggingsområde i kommunen, og blir følgt opp i reguleringsplanar og byggesaker. Gjeldande kommuneplan er frå 2011, og det er no naudsynt med ei større omlegging. Føresegne er eit svært viktig verktøy for å nå måla me set i samfunnsdelen.

Det er eit omfattande arbeid med oppbygginga av det juridisk bindande plankartet til kommuneplanen sin arealdel, med vurdering av eksisterande reguleringsplanar, kartdata frå statlege og regionale mynde og innspel til endringar frå innbyggjarar.

Medverknad og prosess

Medverknad

Kommuneplanen er den viktigaste reiskapen i den samordna utviklinga av kommunen, og det er viktig at alle innbyggjarane får delta i diskusjonen. Stord kommune har dei siste åra arbeidd mykje med å sikra at alle innbyggjarar får delta i dei kommunale planprosessane, og det er erfaringar som må leggjast til grunn.

Våren 2017 vart folk i Stord inviterte til å gi innspel om kva som er viktig for at dei og andre i sitt nærmiljø skal trivast og kjenne seg inkluderte der dei bur. Innspela skal nyttast som grunnlag i arbeidet med kommuneplanen.

Arbeidet med kommuneplanen må organiserast slik at prosessane blir effektive, samstundes som det blir sett av naudsynt tid til medverknad og forankring. Det må vera gode høve til å gje innspel til både samfunns- og arealdelen, og kommunen må gje informasjon underveis.

Tidleg involvering av innbyggjarar og relevante aktørar er viktig for forankring av planen og for at planen skal samsvara med innbyggjarane sine behov. Det skal leggjast til rette for likeverdig deltaking for alle aktørar i heile planprosessen. Grupper som er vanskelege å nå, som barn og unge, skal ha særskilt merksemd.

I tillegg til skriftlege innspel skal det vera mogleg å gje munnleg tilbakemelding. Mange innbyggjarar ønskjer ikkje å ta ordet i store forsamlingar. Det skal difor også leggjast til rette for kontordagar i alle delar av kommunen og at kommunen er til stades på møteplassar i lokalsamfunnet.

Underveis i prosessen vil det bli halde temamøte om hovudtemaa i kommuneplanen. Her vil folkevalde delta, og aktørar og innbyggjarar med særskilt interesse for omsyna kan gje sine innspel.

Organisering av arbeidet

Arbeidet med kommuneplanen krev brei og tverrfagleg innsats frå den kommunale organisasjonen og aktiv deltaking frå folkevalde, tillitsvalde, næringslivet, frivillige lag og innbyggjarar. Rådmannen set ned ei tverrfagleg administrativ arbeidsgruppe til planarbeidet. Gruppa skal halda formannskapet orientert om planarbeidet underveis, og

leggje fram fagnotat om dei ulike hovudtemaa.



Det blir i tillegg invitert inn interne og eksterne personar med særskilt kompetanse om dei ulike hovudtemaa.

Eit innbyggjarpanel skal følgja arbeidet. Innbyggjarpanelet består av leiarane for rådet for funksjonshemma, eldrerådet, ungdomsrådet og kontaktutvalet for innvandrarar og flyktingar, og andre personar etter framlegg frå lag og organisasjonar og innbyggjarar i kommunen. Kommunestyret vedtek deltakarar i innbyggjarpanelet samstundes med planprogrammet.

Det er lagt opp til overlappande aktivitetar for å spara tid i prosessen og for å auka høvet til medverknad frå innbyggjarane. Medan det blir arbeidd med samfunnsdelen, vil ein opne for innspel til arealdelen i eit lengre tidsrom enn lova krev.

Arealdelen skal byggja på føresetnadane som blir sett i samfunnsdelen. Det kan i løpet av arbeidet koma opp omsyn som bør vurderast i arealdelen. Det blir difor lagt opp til at formannskapet om naudsynt kan vedta revidert planprogram for arealdelen i samband med handsaming av samfunnsdelen.

Arbeid	Tidsrom	Ansvar
Første gongs handsaming planprogram	20. mars 2019	Kommunestyret
Høyring planprogram	April-mai 2019	Rådmannen
Vedtak planprogram	20. juni 2019	Kommunestyret
Setje ned arbeidsgruppe	Fyrste kvartal 2019	Rådmannen
Peika ut eksterne kompetansepersonar til arbeidsgruppa	20. juni 2019	Kommunestyret
Arbeid med samfunnsdelen	Hausten 2019	Arbeidsgruppa
Innspel til arealdelen	Hausten 2019	Alle
Fyrstegangshandsaming samfunnsdelen	Fyrste kvartal 2020	Kommunestyret
Høyring av samfunnsdelen	Fyrste kvartal 2020	Rådmannen
Revidert planprogram arealdelen	Andre kvartal 2020	Kommunestyret
Vedtak av samfunnsdelen	Andre kvartal 2020	Kommunestyret
Arbeid med arealdelen	Andre-fjerde kvartal 2020	Arbeidsgruppa
Fyrstegangshandsaming arealdelen	Fyrste kvartal 2021	Kommunestyret
Høyring av arealdelen	Fyrste kvartal 2021	Rådmannen
Oppfølging av merknadar	Andre kvartal 2021	Arbeidsgruppa
Vedtak av arealdelen	Juni 2021	Kommunestyret

Kommunane Bømlo, Fitjar og Stord arbeider alle med sine kommuneplanar for tida, og legg opp til tett samarbeid i desse prosessane. Det kan vera aktuelt med samarbeid om utgreiingar, mål og strategiar for tema som er felles for kommunane. Dette samarbeidet blir skildra nærmare i hovudtemaet «regionalisering og samhandling».

Trong for utgreiingar

Det har blitt utarbeidd fleire dokument den siste tida som gjev informasjon til kommuneplanarbeidet, som moglegheitsstudie Leirvik sentrum, handelsanalyse for Stord kommune, kartlegging av tilgjenge i tettstad- og friluftsområde og stadanalyse for gruvene på Litlabø.

Moglegheitsstudien for Leirvik sentrum tilrådde å byggja møteplassar langs strandpromenaden og elles i sentrum, og bør følgjast opp av ein kartlegging av offentlege torg, grøne lunger og møteplassar. Dette er særskilt viktig dersom ein i

kommuneplanen opnar for at utbyggjarar i større grad kan opparbeida offentlege uteareal til erstatning for felles uteareal.

Det er gjort funksjonell strandsonekartlegging for delar av strandsona. I samband med kommuneplanen må dette gjerast for dei resterane areala.

Kommuneplanen er mest effektiv som styringsverktøy når den blir følgt opp i kommunale reglement, normer og rutinar. I samband med utarbeiding av arealdelen skal følgjande dokument utarbeidast:

- Kommunal vegnorm
- Kommunal utomhusnorm
- Standardføresegner til reguleringsplanar

Veg- og utomhusnormene sikrar at krava som skal dekkjast før kommunen overtek infrastruktur opparbeid av private er klåre og føreseielege. Normene ligg òg til grunn for utbyggingsprosjekt som kommunen sjølv står for. Standardføreseggnene sikrar samanheng mellom kommuneplanen og reguleringsplanar.


Det vil i løpet av arbeidet bli vurdert kva andre utgreiingar det er trond for i samband med planen. Nye utgreiingar utover dei som er skildra i planprogrammet vil bli lagt fram for formannskapet.

Stord kommune i dag

Redusert aktivitet i olje- og gassnæringa har dei siste åra virka inn på sysselsetjinga. Med nye kontraktar til Kværner og gode tide innan maritim verksemd har sysselsettinga auka igjen, og arbeidsløysa var i desember 2018 nede i 1,9 prosent.


Stordsamfunnet har sidan 1970-talet vore tett knytt til petromaritim næring. Framleis er desse næringane dei viktigaste sysselsetjarane, samstundes som nye marknadar og nye verksemder veks fram. Samanstillinga av havgåande vindmøller og elektriske framdriftssystem for skip er gode døme på ny bruk av den verdsleiane kompetansen me har opparbeidd oss.

Det er flest tilsette i sekundærnæringane (industri og andre råvarebearbeidande næringar), og varehandel og liknande. Jordbruk og fiske utgjer svært få lønstakarar i kommunen.




Tal lønstakarar fjerde kvartal 2018. Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Folketalet i Stord kommune har vaksje jamt over lang tid. Ein har kunna lita på at veksten kom, og hovudfokuset for planlegginga var korleis ein skulle rigga samfunnet for den veksten som kom.



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Statistisk sentralbyrå spår framleis vekst, men lågare enn dei la til grunn for to år sidan. Hovudalternativet endar på 21 889 innbyggjarar i 2040. Hordaland fylkeskommune har utarbeidd sine eigne folketalsframskrivingar, som ikkje gjev vekst i Stord kommune i det heile fram mot 2045.



Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Hordaland fylkeskommune

Desse framskrivingane viser ei anna framtid enn me la til grunn ved siste kommuneplan, og i samband med vedtak av gjeldande planstrategi. Frå sikker vekst, er det usikkert om me får fleire innbyggjarar, og i alle fall kor stor veksten blir. Statistisk sentralbyrå legg til grunn nokre føresetnader for framskrivingane. Desse er at det på kort sikt blir reduksjon i fruktbarheita før den gradvis vil stiga, ei auke i levealderen, innanlands flytting med centralisering mot storbyområda og redusert innvandring². Dette er nasjonale trendar, som einskildkommunar ikkje kan påverka. Me må difor byggja eit samfunn som er attraktivt og har vekstkraft utover det som er forventa i prognosane.

Ferjefri E39 kan føra til store endringar i stordsamfunnet. Med redusert reisetid til Bergen kan pendlinga auka til 10 prosent, noko som gjer at Statens vegvesen ventar ein auka vekst i folketalet på 0,7 prosent³. Samstundes vil det utfordra etablerte strukturar og regionale funksjonar.


Kyststamvegen vil styrka den felles bu- og arbeidsmarknaden i ytre Sunnhordland, og Tysnes vil få vesentleg betre tilgjenge til arbeidsplassar i Stord: «Med ei reisetid til Stord på 20 minutt vert det eit godt grunnlag for at Stord og Tysnes kjem inn under ein felles arbeids- og bustadmarknad og med auka pendling frå Tysnes opp til 8 til 10 prosent

² Statistisk sentralbyrå – Befolkningsframskrivingene 2018 – Modeller, forutsetninger og resultater

³ Statens vegvesen (Norconsult) – Lokale og regionale verknader – kommunedelplan og konsekvensutgreiing for E39 Stord-Os (2016)

avhengig av alternativ. Pendling på 10 prosent er same nivå som Bømlo med om lag 30 minutt til Stord.»

Den demografiske samansettinga av folkesetnaden er eit viktig grunnlag for kva tenester kommunen skal levera, og kva kostnadsbilete kommunen får. Kor mange som er i den aldersgruppa som i hovudsak er i arbeid, seier noko om kva inntekter kommunen kan få. Statistisk sentralbyrå sitt hovudalternativ gjev at aldersgruppa 20-67 år i framtida blir ein mindre del av folkesetnaden i dei fleste kommunar, og landet som heilskap. Dersom reduksjonen er større i Stord enn for landet, kan det redusera kommunen sine inntekter meir enn det gjer for resten av landet.



Funksjonelle aldersgrupper i Stord kommune. Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Stord kommune får ein reduksjon i aldersgruppa 20-66 år på 4,9 prosentpoeng, samstundes som aldersgruppa over 66 år aukar med 6,6 prosentpoeng. Til samanlikning er reduksjonen i landet på 4,2 prosentpoeng i aldersgruppa 20-66 år, og auken 6 prosentpoeng i den eldste aldersgruppa. Gruppa i barnehage- og skulealder er større på Stord enn i landet i dag, og vil framleis vera det i 2040.

Våren 2017 vart folk i Stord inviterte til å gi innspel om kva som er viktig for at dei og andre i sitt nærmiljø skal trivast og kjenne seg inkluderte der dei bur. Innspela er samla i ein rapport, og vil bli viktige i arbeidet med kommuneplanen.

Folkehelseoversikta frå 2016 gjev eit bilet av kva som er status for innbyggjarane i kommunen. Rapporten viser at dei fleste har gode butilhøve og 80 prosent bur i eigen bustad. Dei fleste bustadområda ligg nær natur- eller friområde. Relativt høge bustadprisar og leigeprisar gjer det vanskeleg for unge og personar med svak økonomi å skaffe seg bustad.

Utdanning er særskilt viktig for framtidig helse. Meir enn 20 prosent av elevane fullfører ikkje vidaregåande skule. Det er relativt mange som ikkje trivast på skulen. I gjennomsnitt ein elev i kvar klasse på ungdomstrinnet opplever mobbing.

Tilknyting til arbeidslivet er helsefremjande. Stord har relativt mange unge uføre, og talet aukar. Fleire barn lever i familiar med låg inntekt. Også gruppa unge sosialstønadsmottakarar er relativt stor og aukande. Desse kan falla utanfor skule og arbeid, og har høg risiko for redusert helse. Relativt låg inntektsvekst i høve til andre er med på å bidra til auke i sosial skilnad og helserisiko.

Turnusarbeid og pendling kan gi vanskar for familieliv og deltaking i lokalsamfunnet. Samtidig synes arbeidstidsordningar i industriverksemndene å vere bra for helse og trivsel for fleirtalet av arbeidstakarane.



Det fysiske miljøet er bra i kommunen, me har gode vasskvalitetar og relativt lite forsøpling og forureining. Det er god tilkomst til naturområder, men allmenn tilgjenge til strandsona og friluftsliv på eller ved sjø er under press. I vegtrafikken er det fleire vegar med stor risiko, både for køyrande og for gåande og syklande. Nokre skulevegar blir opplevd som utrygge i følgje kjelder blant innbyggjarane.

Det sosiale miljøet blir hovudsakleg opplevd som bra. Me har rikt organisasjonsliv, men både representantar for innbyggjarane og tenesteytarane meiner det er trong for fleire uformelle møteplassar og lågterskeltilbod, og at einskilde grupper opplever vanskar med å bli integrert i samfunnet.

Tobakksbruk mellom ungdom går ned, men tal røykjearar totalt har lite endring. Det er auke i alkoholkonsum og bruk av narkotiske stoff. Relativt mange i Stord har psykiske vanskar, muskelskjelettplager eller hjarte-karsjukdom. Fleire ungdomar slit med negativt

sjølvbilete. Søvnvanskar er eit aukande helseproblem. Ein ser større sosial skilnad i tannhelse, og barn og unge i Stord har därlegare tannhelse enn fylkes- og landsgjennomsnittet.

Tilgjenge og høve til deltaking og medverknad for alle er ei utfordring som treng merksemrd i alt utviklingsarbeid. Ny folkehelseoversikt er under utarbeiding, og vil bli lagt til grunn i kommuneplanarbeidet når den er ferdig.

Hovudtema

I tråd med planstrategien og regjeringa sine forventingar til regional- og kommunal planlegging er det trekt ut ni hovudtema som skal liggja til grunn i arbeidet med kommuneplanen. Samla er desse avgjerande for at me skal byggja eit lokalsamfunn som er attraktivt og som sikrar folketalsvekst.

Klima, miljø og tryggleik

Norge ratifiserte Parisavtalen i 2016. Klimalova, som Stortinget vedtok i 2017, set mål om at Norge skal redusera klimagassutsleppa med 40 prosent frå nivået i 1990 innan år 2030, og at me skal vera eit lavutsleppsamfunn innan 2050. I Granavold-plattforma frå januar 2018 skriv regjeringa Solberg:

«Klimaendringer, spredning av miljøgifter og tap av naturmangfold er vår tids største miljøproblemer. Det er en grunnleggende forutsetning for å nå FNs bærekraftsmål at disse miljøproblemene løses. Disse utfordringene må løses gjennom samarbeid og tiltak lokalt, nasjonalt og internasjonalt.»

I plattforma varsler regjeringa at Norge skal mælda inn eit forsterka klimamål til FN i 2020.

I planstrategien frå 2016 er klima- og energiplanlegginga drøfta:

«Ein legg og no opp til å innarbeida klima og energiplanlegginga i arbeidet med revidering av arealdelen av kommuneplanen og å gå bort frå eigen kommunedelplan for klima og energi. Klimaarbeidet er då tenkt løfta fram som ein viktig del av kommuneplanen sin arealdel noko som m.a. skal synleggjera i ein arealplan som legg grunnlag for å nå viktige miljø- og klimamål. Parallelt med arbeidet med revidering av arealdelen der klima- og energiomsyn vert ein viktig del, skal kommunen gjennomføra ei omfattande miljøsertifisering av kommunen dei neste tre åra.»

Kommunestyret vedtok 23.11.2017 følgjande oversendingsframlegg til budsjett for 2018:

«Kommunestyret ber om at klima- og miljøplanen når den vert lagt fram saman med kommunedelplanen skal ta sikte på monaleg reduksjon i klimagassutsleppa i kommunen, planen må også innehalda eit klimabudsjett som visar korleis ein skal nå måla i planen»

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel skal Stord kommune setja lokale mål for reduksjon i direkte og indirekte klimagassutslepp, og strategiar for å nå desse måla. Tiltak må setjast i verk i kommunen sin organisasjon, drift og innkjøp, i arealplanlegginga og i samfunnet som heilskap.

Samordna areal- og transportplanlegging er eit svært effektivt verktøy for å redusera klimagassutslepp. Arealdelen må følgja opp måla og strategiane som blir sett i samfunnsdelen. Det blir i tillegg viktig å gå i samarbeid med sentrale aktørar i lokalsamfunnet og nabokommunane.

Stord kommune er med i KS-nettverket «Kortreist kvalitet», som skal leggje eit grunnlag for kommunane sitt arbeid med omstilling til eit lavutsleppsamfunn. For å nå måla i Parisavtalen er det naudsynt å redusera klimagassutsleppa til eit nivå tilsvarende 1-2 tonn CO₂-ekvivalentar per person, ein reduksjon på 80-90 prosent frå i dag.

Direkte utslepp er dei utsleppa som oppstår i kommunen som geografisk eining. For å få eit heilskapleg arbeid med klimagassreduksjonar er det i tillegg naudsynt å vurdera indirekte utslepp, altså utslepp som oppstår andre stadar på grunn av val som blir gjort i stordsamfunnet.

Det kjem stadig nye verktøy for å setje opp klimarekneskap, og for å vurdera kva tiltak som er effektive. Stord kommune må gjera bruk av desse for å finna strategiar for klimagassreduksjonar i samband med kommuneplanen.

Norge har eit nasjonalt mål om at samfunnet skal vera førebudd på og bli tilpassa til klimaendringane. Fram mot år 2100 vil Norge få eit varmare klima med meir nedbør, endra flommønster og stigande havnivå. Samstundes er det venta meir ekstremvær. At samfunnet er klimatilpassa, betyr at det er i stand til å avgrensa eller unngå ulykker som følgje av klimaet og å utnytte nye moglegheiter. Stord kommune må leggja klimatilpassing til grunn i arealdisponering, reglar for bygg og anlegg og i arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Viktige vurderinger

Kommuneplanen skal avklara:


- Korleis påverkar klima, miljø og tryggleik FN sine berekraftsmål?
- Kva mål skal Stord kommune ha for klima, miljø og tryggleik?
- Kva strategiar og tiltak skal me setja i verk for å nå måla?
- Korleis kan me redusera klimagassutsleppa gjennom samordna bustad-, areal- og transportplanlegging?
- Korleis kan me leggja til rette for låg- eller nullutsleppsløysingar innan transport og bygg?
- Korleis kan me leggja til rette for reduksjonar i klimagassutslepp frå kommunale innkjøp, byggjeprosjekt og energiøkonomiseringstiltak?
- Kva rolle kan kommunen ta som pådrivar i lokalsamfunnet?
- Korleis kan omstilling til lavutsleppsamfunnet gjera Stord til eit meir attraktivt lokalsamfunn for eksisterande og nye innbyggjarar?
- Korleis kan omstilling til lavutsleppsamfunnet gje høve for nye næringar og arbeidsplassar?
- Korleis skal Stord kommune tilpassa oss klimaendringane?

Næringsutvikling

Gjeldande planstrategi blei vedteken av kommunestyret i oktober 2016. Då vart det også vedteke at «Det skal utarbeidast eigen plan / strategi for næringsarbeid og sysselsettingsutvikling i Stord kommune, med oppstart i 2017.» Denne blir utarbeidd som del av kommuneplanen.

Stord kommune har eit sterkt, offensivt og omstillingsdyktig næringsliv. Regionalt i Sunnhordland og Haugalandet er det bygging av oljeplattformar og modular som står for

klart flest årsverk innan industrinæringane⁴, og ein stor del av desse blir utført i Stord kommune. Kompetansen som er opparbeidd innanfor dei maritime næringane er svært viktig for regionen, og endringar i rammevilkår blir raskt tydlege i lokalsamfunnet. Det er difor viktig at kommuneplanen drøftar korleis me kan byggja på eksisterande kompetanse til nå eit breiare næringsgrunnlag i framtida.



Figur 2: Årsverk i de tjue største undernæringane innan industrinæringa i Sunnhordland og Hordaland, 2016 (detaljert næring)

Figuren viser dei tjue største næringane innan hovudnæringa C Industri i Sunnhordland og Hordaland i 2016, målt etter estimerte årsverk. Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse.

Kjelde: Hordaland fylkeskommune: AUD-rapport nr. 10-18 - notat om industrinæringa i Sunnhordland og Hordaland

Kommunen har mange kontaktpunkt mot næringslivet, og kommuneplanen skal leggja føringar for korleis me kan organisera oss for å sikra både planstyrтt næringsutvikling og naudsynt fleksibilitet når høve til nyetableringar oppstår.


Gjennom å bidra til kunnskapsdeling og nettverk mellom verksemndene, kan det skapast nye produkt og forretningar. Mange leiande verksemder har aktivitet på Stord, noko som kan gjera det attraktivt for nye aktørar å etablera seg her. Kommuneplanen bør drøfta korleis kommunen kan støtta ei slik utvikling.

Infrastrukturen i lokalsamfunnet og til omverda er viktig for næringslivet, som transport, næringsareal og tilgang på kvalifisert arbeidskraft for næringsverksemndene. Stord kommune har ei nøkkelrolle i utviklinga av lokalsamfunnet, og ei pådrivarrolle for å betra rammevilkåra som blir sett av storsamfunnet.

Stord ligg sentralt på Vestlandet, med kort veg til dei store byane. I tillegg går E39 og hovudleia gjennom kommunen, og det er kort sjøveg til ope hav. Denne plassering er ein

⁴ Hordaland fylkeskommune: AUD-rapport nr. 10-18 - notat om industrinæringa i Sunnhordland og Hordaland

føremon i arbeidet med næringsutviklinga.



Landbruket er framleis ei viktig næring i Stord kommune. Storsamfunnet er avhengig av ei stabil forsyning av matvarer med høg kvalitet til ein leveleg pris, for å oppretthalda livsgrunnlaget til befolkninga. Likeins treng landbruksnæringa stabile rammer for produksjon og sal av mat og andre landbruksprodukt. Kommunestyret vedtok 2. mai 2017 landbruksplan for Stord og Fitjar, med eit tilleggspunkt: «Kommunestyret ynskjer ein nullvisjon for omdisponering av dyrka mark i Stord kommune, der målet er at dyrka mark ikkje skal omdisponerast til andre føremål.» Kommuneplanen må vurdera korleis dette punktet skal praktiserast i arealplanlegginga.

Viktige vurderingar

Kommuneplanen skal avklara:

- Korleis påverkar næringsutvikling FN sine berekraftsmål?
- Kva mål skal Stord kommune ha for næringsutviklinga?
- Kva strategiar og tiltak skal me setja i verk for å nå måla?
- Korleis kan kommunen bidra til å gjera Stord til ei naturleg plassering for nye verksemder?
- Korleis kan kommunen bidra til å skapa omstillingsevne, kunnskapsdeling og knopskyting i næringa, og gjera dette til ein konkurransefordel?
- Kva areal skal setjast av til næring og kva er kommunen sin rolle i tilrettelegging og utvikling av næringsareal for eksisterande og nye verksemder?
- Korleis kan me dra nytte av den sentrale plasseringa på vestlandskysten, langs E39 og hovudleia til styring av næringslivet?
- Korleis kan kommunen bidra til at verksemdene får tilgang på kvalifisert arbeidskraft?
- Kva rolle kan kommunen ta som pådrivar i lokalsamfunnet og mot sentrale myndigheter?
- Korleis kan kommunen styrka landbruksnæringa?

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging legg til grunn at planlegginga skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikla berekraftige byar og tettstedar, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremje utvikling av kompakte byar og tettstedar, redusera tronen for transport og leggje til rette for klima- og miljøvenlege transportformar. Planlegginga skal leggje til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i område med press på bustadmarknaden, med vekt på gode regionale løysingar på tvers av kommunegrensene

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel må kommunen leggja ambisjonane for korleis me skal utvikla lokalsamfunnet, og prinsippa som skal liggja til grunn for arealforvaltinga i kommunen. Dette vil gjera arbeidet med arealdelen meir føreseieleg for alle partar, og sikre raskare gjennomføring av prosessen.

Regjeringa forventar at kommunane skal bidra til gode og effektive planprosessar. Føresegner skal dekkja tronen for styring, men ikkje vera meir omfattande enn naudsynt. Dette må liggja til grunn for utforminga av nye føreseigner.


Stord kommune har eit relativt lite areal på totalt 143 km². Busetnaden er i hovudsak samla i eit belte langs kysten på sørsida av Stordøy, frå Sagvåg, mot Kårevik, Leirvik og Rommetveit. Resten av kommunen sitt areal, inkludert Huglo, er spreiddbygd og urørt.

E39 skjer seg gjennom kommunen, og har fungert som ei «markagrense». Med vedtak av trasé for ny E39 mellom Heiane og Nordre Tveita er det trond for å avklara kvar markagrensa skal liggja i framtida. Kommunen er i dialog med Samferdselsdepartementet om traséval og detaljregulering av ny E39.

Nasjonale forventingar legg til grunn ei bustadbygging basert på fortetting nær sentrumsområde og kollektivruter. Fortettinga vil vidareutvikla eit trekk ved Stord som skil seg frå nabokommunane – tettbygde bustadområde med alle småbyen sine tilbod - nært natur og friluft. Samstundes gjer tett bustadbygging at ein må leggja til rette for tilgang til nærturterreng og grøne lunger i dei tettbygde områda, ikkje berre nord for markagrensa. Auka fortetting stiller òg sterkare krav til kvalitetar og heilskap i utbyggingsområda og transportsystemet.

Eksisterande kommuneplan legg opp til lik grad av fortetting i alle dei tettbygde delane av kommunen. Denne revisjonen skal vurdera om det skal vera ulike gradar av fortetting, og kva reglar som skal liggja til grunn for fortettinga. Samstundes må det vurderast kva reglar som skal gjelda for bustad- og fritidsbustadbygging utanfor dei

tettbyde områda.



Effektiv transport og mobilitet ligg til grunn for den samordna bustad-, areal- og transportplanlegginga. Dette oppnår me ved å samordna plassering av bustadar, arbeidsplassar, barnehagar og skular, handel, kultur- og idrettstilbod og offentlege tenester. Slik kan ein leggja til rette for at flest reiser blir gjort ved å gå eller sykla. Offentlege transportformar er òg viktig å samordna med arealplanlegginga. Privatbilen vil framleis vera viktig for mange innbyggjarar, og kommuneplanen må leggja opp til at slik transport skjer mest mogleg effektivt og klimavenleg.

Stord kommune har regionssenterfunksjonane for nabokommunane, og har difor eit særskilt ansvar – og eigeninteresse – av å leggja til rette for effektiv transport til og frå regionsenteret.

Viktige vurderingar

Kommuneplanen skal avklara:

- Korleis påverkar samordna bustad- areal og transportplanlegging FN sine berekraftsmål?
- Kva mål skal Stord kommune ha for samordna bustad- areal og transportplanlegging?
- Kva strategiar og tiltak skal me setja i verk for å nå måla?
- Kvar og i kva omfang skal nye bustadområde og arbeidsplassar utviklast?
- Kva grad av fortetting skal me leggja opp til, og kvar?
- Korleis skal auka kvalitetane i utbyggingsområde?
- Kva reglar skal gjelda for spreidd bustad- og fritidsbustadbygging utanom dei sentrale områda?

- Korleis skal me leggja til rette for effektiv samferdsle i kommunen og vidare ut i verda?
- Korleis skal me leggja til rette for at fleire går eller sykler i kvardagen?
- Korleis kan me samordna oss med nabokommunane for å få effektiv regional transportplanlegging?

Levande senter

Stordsamfunnet treng sterke senter, som inneholder eit variert tilbod av bustadar, tenester, handel og kulturtild. Regjeringa ønskjer seg «... byar og tettstader med både urbane og grøne kvalitetar, og med attraktive byrom, møteplassar og uteareal. God arkitektur, historiske bygningar og bymiljø bidreg til stadsidentitet og positive opplevelingar i sentrum, og er ressursar ein bør utnytte for å utvikle attraktive by- og tettstadssenter.⁵»



Regional plan for attraktive senter legg rammene for sentrumsutviklinga, og definerer ein senterstruktur, med Bergen som fylkessenter og mellom andre Leirvik som regionsenter. I tillegg skal kommunane peika ut kommune-, lokal- og eventuelt nærsenter.

Stord har regionsenterfunksjonar for fleire kommunar, og har eit særskilt ansvar for å byggja opp Leirvik som eit attraktivt senter for heile regionen. Regionsenterfunksjonane i kommunen ligg geografisk spreidd, med høgskule på Rommetveit og sjukehus og interkommunal legevakt på Åland. Regionsenterfunksjonane er viktige for kommunen, men er under press frå sentralisering til større senter. Ferjefri E39 vil gje kortare reisetid til Bergen, noko som vil auka presset på offentlege funksjonar. Betre samferdsle vil utvida området ein kan busetje seg innan akseptabel pendlaravstand til arbeidsplassen, noko som gjer at attraktive senter vil bli viktigare.

Leirvik er sentrum i byen med viktige servicetilbod. Eit levande og attraktivt sentrum med alle småbyen sine tilbod - nært natur og friluft, vil vera eit konkurransefortrinn i arbeidet for folketalsvekst. I planstrategien er det lagt opp til ein kommunedelplan eller områderegulering for Leirvik. Dei overordna strategiane for Leirvik bør leggjast i samfunnssdelen av kommuneplanen, og så følgjast opp av føresegner og arealdisponering i arealdelen, i tillegg til eventuell etterfølgjande områderegulering.

Moglegheitsstudien for Leirvik sentrum tilrår transformasjon gjennom å endra trafikkmønsteret og parkering. I tillegg bør me «polera perler» ved å utvikla dei

⁵ Regjeringa – Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2015)

kvalitetane som Leirvik har, men som er dårlig utnytta. Me bør òg binda saman sentrum ved hjelp av betre planlagde bygningsstrukturar, ei klargjering og differensiering av gater med ulik trafikkbelastning og enklare og meir rettlinja koplingar for mjuke trafikantar.

Det har dei siste åra vore stor bygging i Leirvik sentrum. Tettare bygging krev gode løysingar for parkering og uteareal til bustadprosjekta. Krav til uteareal må vurderast opp mot sambruk av offentlege torg og plassar i sentrum, som treng oppgradering. Større område i sentrum har i dag krav om næringsverksemd på gateplan.

Heiane er eit viktig supplement til Leirvik sentrum, som har knapt om areal. På denne måten utfyller Heiane og Leirvik kvarandre. Stord har fleire lokalsenter som treng utvikling. Sagvåg sentrum er eit viktig lokalsenter. Nordbygdo har ikkje eit definert lokalsenter, noko som kan vurderast i kommuneplanen. Huglo har naturleg plassering av lokal- eller nærsenter på Nordhuglo.

Gjeldande kommuneplan har ei oppdeling med fem bydelar. Kommuneplanen lyt ta stilling til om det er føremålstenleg å vidareføra denne inndelinga. Alle innbyggjarar skal ha lik tilgang på tenester, men planen må drøfta oppbygging av tenestestrukturen.

Viktige vurderingar

Kommuneplanen skal avklara:

- Korleis påverkar levande senter FN sine berekraftsmål?
- Kva mål skal Stord kommune ha for levande senter?
- Kva strategiar og tiltak skal me setja i verk for å nå måla?
- Kvar skal lokal- og nærsentera i kommunen vera, og kva utstrekning skal detaljhandelen ha?
- Kva utstrekning skal krav om næringsverksemd i gateplan ha?
- Korleis skal me leggja til rette for utvikling av sentera i kommunen?
- Korleis skal me auka trivselen og attraktiviteten i sentera?
- Kva reglar skal me ha for parkeringsplassar og uteareal i nye utbyggingar?

Helse, trivsel og oppvekst

Folkehelsa blir påverka av både sosiale og fysiske faktorar. Tilhørysle og sosial deltaking er viktig for livskvalitet og helse, og tilgang til natur og friluftsliv påverkar trivselen. Kommunen har ei avgjerande rolle for å styrka folkehelsa i lokalsamfunnet.

Deltaking i sosiale fellesskap og aktivitetar kan motverke sosiale helseskilnader. Frivillig arbeid er ein viktig del av livet for mange innbyggjarar, og arbeidet er viktig for lokalsamfunnet. Fleire enn før ønskjer å delta i frivillig arbeid utan å binda seg til deltaking lang tid frametter.

Eit riktlagsliv styrkar samhaldet mellom innbyggjarane. Idretts- og kulturtildelning er ein viktig del av livet for mange unge, og byr på opplevelingar for deltakarar og tilskodarar. Samstundes ønskjer fleire å drive fritidsaktivitetar utan eit organisert preg. Kommunen bør leggja til rette for organisasjonane og bidra til at fleire deltek i aktivitetar på fritida og i pensjonsalder.

Fysisk aktivitet reduserer førekomensten av fleire livsstilssjukdomar og aukar trivselen. Korleis me organiserar lokalsamfunnet verkar inn på høvet til å vera aktiv. Når nye turvegar blir opparbeidde, blir dei raskt teke i bruk. Stord har eit godt utbygd turvegnett, sjølv om det framleis står att mykje for å auka samanhengen og tilgjenget frå heile kommunen.



Kommunen tek mange avgjører som er viktige for stordsamfunnet. Brei medverknad gjev legitimitet til det som blir bestemt, og styrkar innbyggjarane sitt eigarskap til lokalsamfunnet. Stord kommune har dei siste åra arbeidd for at fleire skal delta i planprosessane. Barn og unge er ei gruppe som er vanskelege å nå, men som har svært verdifulle bidrag.

Me trivst i gode bumiljø. Godt naboskap og høve til å få vera i fred, tilgang til butikk og spisestad, pent og velhalde miljø og utsikt til natur er viktig for innbyggjarane sin trivsel⁶, og kommunen kan leggje rammer for bustadutbyggingar som støttar opp om desse omsyna.

Viktige vurderingar

Kommuneplanen skal avklara:

- Korleis påverkar helse og trivsel FN sine berekraftsmål?
- Kva mål skal Stord kommune ha for helse og trivsel?
- Kva strategiar og tiltak skal me setja i verk for å nå måla?
- Korleis kan kommunen leggja til rette for og bidra til deltaking i frivillig verksemd?
- Korleis støttar me idretts- og kulturtilboda og legg til rette for dei som vil ha tilbod utan organisert preg?
- Korleis skal me leggja til rette for fysisk aktivitet?
- Korleis kan me auka deltakinga i kommunale prosessar?
- Korleis skal kommunen leggja til rette for attraktive bustadmiljø?

Aktiv forvalting av natur- og kulturminneverdiane

Stord har store naturkvalitetar, som må ha ei berekraftig forvalting i eit langsiktig perspektiv. Den tettbydde delen av kommunen ligg mellom strandsona og landbruks-, skogs- og fjellområde. Gjennom heilskapleg og langsiktig planlegging kan me sikra rom for utviklinga av samfunnet, medan me sikrar urørt natur for framtidige generasjonar.

⁶ Hordaland fylkeskommune – folkehelseundersøkinga 2018

Sjølv med sjøen og fjellet så nært, er det viktig å ha grøne lunger i den tettbygde delen av kommunen, både som nærturterreng og for å halda på naturmangfaldet.



Plan- og bygningslova § 1-8 legg eit særskilt vern til strandsona. I 100-metersbeltet langs sjøen og vassdrag skal det takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre årmenne interesser. Stord er for tida definert som ein kommune med mindre arealpress i statlege planretningsliner for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen⁷. Gjeldande kommuneplan har definert funksjonell strandsone for delar av kommunen si sjøline.

Dei siste 50 åra er det på Stord gjort større naturinngrep enn i dei føregåande 10 000 åra til saman. Skal kommande generasjonar få del i kulturminnearven frå det gamle jordbruksamfunnet, hastar det med å verna om noko av det som er att av han. Men også spora etter aktiviteten dei siste hundre åra er kulturminne. Vegar, industri, bustadar og bygg og anlegg til offentlege føremål er også spor etter menneskeleg aktivitet. Nokre av gardsområda er omdanna til byliknande strok. Kulturminna fortel oss korleis menneska har tatt øya vår i bruk, utnytta ressursane og utvikla stadig meir avanserte teknikkar for å bearbeida råmateriale.

Viktige vurderingar

Kommuneplanen skal avklara:

- Korleis påverkar aktiv forvalting av natur- og kulturminneverdiane FN sine berekraftsmål?
- Kva mål skal Stord kommune ha for aktiv forvalting av kulturminneverdiane?
- Kva strategiar og tiltak skal me setja i verk for å nå måla?
- Korleis skal me sikra naturmangfaldet i eit lokalsamfunn med stort byggjepress?
- Kvar skal me leggja «markagrensa»?
- Kvar skal me ha grøne lunger i den tettbygde delen av kommune?
- Korleis skal me forvalta strandsoneverdiane?
- Korleis skal me sikra kulturminna i eit lokalsamfunn med stort byggjepress?

Gode kommunale tenester

Stord kommune skal levera tenester til innbyggjarar i alle livsfasar. Stramme økonomiske rammer har gjort det naudsynt med tøffe prioriteringar.

⁷ Regjeringa - Statlege planretningsliner for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen (2011)

Kommunebarometeret, KOSTRA-analysar - og sist den bustadsosiale prisen - viser likevel at Stord kommune leverer mange gode tenester til innbyggjarane.

Den viktigaste innsatsfaktoren i tenestetilbodet er dei tilsette. Det er avgjerande at kommunen klarar å rekruttera, utvikla og halda på kvalifisert arbeidskraft, i konkurransen med offentlege og private arbeidsgjevarar i regionen. Stord kommune er del av eit kompetansenettverk i regi av KS, og skal utarbeide ny arbeidsgjevarstrategi. Stord kommune er med i finansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt (DigiFin). Dette er eit naudsynt tiltak for å utvikla digitale fellesløysingar for kommunane. Me har tru på at det å vidareutvikle løysingar saman vil gje betre kvalitet og lågare pris. Nasjonale løysingar på programvare og felles innkjøpsordningar er avgjerande for å nå ambisjonen om ein digital kommunesektor. Med digitalisering ønskjer me å fornya, forenkla og forbetra. Dette er organisasjonsutvikling og omstilling for å finne enda meir effektive arbeidsmetodar. I Stord kommune har ein i 2018 digitalisert både administrative og fleire fagområder innan helse og omsorg, skule m.m. Stord kommune er med i «Samordnet regional digitalisering», eit samarbeid med sikte på å innföra nasjonale løysingar og å få til eit felles driftsopplegg. Gjennom dette samarbeidet har kommunen også teke i bruk robotteknologi, utvikla av Bergen kommune.

Norske kommunar har mykje å henta på å tilby nye digitale tenester og automatiserte søknadsprosessar, og Stord kommune er godt i gang. Slik kan fleire innbyggjarar sjølv finna fram til informasjonen dei treng, og kommunen sine tilsette kan bruka meir tid på dei oppgåvene som ikkje kan automatiserast, og dei innbyggjarane som ikkje nyttar digitale verktøy.

Velferdsteknologi blir viktig når det blir vanskeleg å få tak i nok tilsette i omsorgstenestene i framtida. Stord kommune har i lengre tid arbeidd med velferdsteknologi. I samband med Samhandlingsreforma har kommunane dei siste åra dreidd merksemda i retning av førebygging og livsmeistring. Ved å leggja til rette for at innbyggjarane gjer gode livsval, skal det bli mindre trøng for kommunale tenester.

Stord har ein kompakt geografi, noko som gjev høve til å levera samordna og koordinerte tenester i heile kommunen. Nokre tenester bør vera desentraliserte, medan andre bør vera samla.

Sjølv ein mellomstor kommune som Stord er for liten til å tilby dei mest spesialiserte tenestene på eiga hand, og er difor med i mange interkommunale samarbeid. Dei siste åra har kommunane fått ansvar for fleire spesialiserte tenester, som me best kan levera i større einingar.

Viktige vurderingar

Kommuneplanen skal avklara:

- Korleis påverkar gode kommunale tenester FN sine berekraftsmål?
- Kva mål skal Stord kommune ha for gode kommunale tenester?
- Kva strategiar og tiltak skal me setja i verk for å nå måla?
- Korleis skal Stord kommune sikra at dei tilsette har riktig kompetanse?
- Korleis skal me digitalisera dei kommunale tenestene, og kva effektar skal me få av digitaliseringa?
- Korleis skal kommunen stilla seg til automatisering av arbeidsoperasjonar?
- Korleis skal me prioritera førebygging og livsmeistring?
- Korleis skal me geografisk fordela tenestetilbodet i kommunen?

- I kva grad skal me løysa kompliserte tenester gjennom interkommunale samarbeid?

Regionalisering og samhandling

Rammevilkåra rundt kommunen endrar seg i stadig raskare tempo. Internasjonale avtalar, nasjonale forventingar, aldrande folkesetnad, endringar i regionale og statlege strukturar og kommunikasjonar vil påverka utviklinga av stordsamfunnet.

Stord kommune samhandlar med andre aktørar gjennom formaliserte samarbeid, eigarskap, partnarskapsavtalar, i utformelle nettverk og i einskildsaker.

Stord og nabokommunane har over lang tid hatt eit godt samarbeid. Ferjefri veg til Bergen opnar for sterk utvikling i regionen, samstundes som det påverkar Sunnhordland sin posisjon som ein samla region. Konkurransen frå større kommunar andre stadar i fylket blir hardare, og samanslåinga mellom fylkeskommunane og fylkesmannsembeta i Hordaland og Sogn og Fjordane kan gjera det vanskelegare for Sunnhordland å fremja sine interesser overfor regionale og statlege mynde. Medan me hadde fått ei svært sentral plassering i ein samla vestlandsregion med Rogaland, vil me frå 2020 liggja i utkanten av Vestland fylke. Samstundes ser ein tendensar til fragmentering av Sunnhordland, der statlege og regionale grenser deler regionen.

Denne utviklinga må me møta med eit enda tettare samarbeid om felles saker, både mellom einskildkommunar og i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland. I nokre saker er det føremålstenleg for kommunane i Sunnhordland å samarbeida med kommunane på Haugalandet eller i Bergensregionen, og å gå i partnarskap med frivillige lag, verksemder eller interesseorganisasjonar.

Kommunane Bømlo, Fitjar og Stord er ein felles bu- og arbeidsmarknad, og har felles regionale funksjonar. Kommuneplanen bør avklara korleis me saman med nabokommunane skal hevda oss i konkurransen med nye og større kommunar. Dersom me arbeider i lag om tema som næringsutvikling, transport, infrastruktur, klima og miljø og attraktive senter vil me oppnå meir enn kvar for oss. Kommunane arbeidar tett saman om kommuneplanane, og det kan vera føremålstenleg å vurdera felles mål og strategiar i framtida.

Viktige vurderingar

Kommuneplanen skal avklara:

- Korleis påverkar samhandling FN sine berekraftsmål?
- Kva mål skal Stord kommune ha for samhandling?
- Kva strategiar og tiltak skal me setja i verk for å nå måla?
- Korleis skal Stord vidareutvikla interkommunalt samarbeid?
- Korleis kan Stord arbeida for ein samla vestlandsregion, inkludert Rogaland?
- Korleis kan Stord vera ein pådrivar for å styrka Sunnhordland sin posisjon?
- Korleis byggjer me alliansar i einskildsaker?
Korleis byggjer me partnarskap med frivillige lag, verksemder og interesseorganisasjonar?

Foto

Framside Ingrid Kvernenes Misje, side 5 Jørgen Myklebust, side 8 Synleg AS, side 14 Synleg AS, side 18 Astrid Larsen, side 21 Haldis Lauksund, side 23 Synleg AS, side 24 Astrid Larsen.